



Notat

Dato: 18.10.2019
Arkivsak: 2016/10915-9
Saksbehandlar: marmorb

Til: Utval for opplæring og helse
Yrkesopplæringsnemda
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Årsrapport 2018-19 frå mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet i Hordaland støtter og rettleiar barn, elevar og føresette slik at dei unge får ivareteke rettane sine til eit trygt og godt miljø i barnehage og skule. Mobbeombodet i Hordaland er eit av de fyrste mobbeomboda i Noreg. Frå august 2015 til august 2018 var ho ombod for vidaregåande opplæring. Frå august 2018 har ho òg fått ansvar for barnehagebarn og elevar i grunnskule.

Mobbeombodet skal årleg rapportere til Fylkestinget jamfør mobbeombodet sitt mandat. Årsrapporten gir eit innblikk i arbeidet til ombodet dette skuleåret. I tillegg fremmar mobbeombodet råd til barnehage- og skuleigarar, politiakarar og administrasjon, samt barnehagar og skular. Tilrådingane blir gitt på bakgrunn av førespurnadane frå elevar, føresette og tilsette, samt erfaringar ombodet gjer seg i arbeid med førespurnadane.

Det er fyrste gong mobbeombodet rapporterer på barnehage og grunnskule. Ombodet vonar rapporten blir lese med interesse og at han blir handsama ikkje berre i Fylkestinget, men òg løfta i kommunestyrane i Hordaland.